

Uskedalen blømer som aldri før- til våren vert det endå meir.

16.11.2006



Dugnadsgjengen står på sjølv om veret ikkje viste seg frå si beste side. Frå venstre: Gunn mari Moberg, Leon Gundersen, Henrik Lyse, Marit Røssland og Birger Myklebust.

Dei som har kjørt gjennom Uskedalen dei siste åra, har fått med seg at det er satt ut blomeurner. Dette har vore eit flott tiltak, som uskedalingane sjølv har betalt. Det har ein gjort med å betale inn til 'blomeprosjektet' som ligg under Uskedalen Utvikling. No vil Uskedalen bløme endå meir.



Ein kan byrja å sjå konturane av sluttproduktet. Frå venstre Gunn Mari, Leon og Henrik.

Så vellukka har blomeprosjektet vore, at ein no kan få pynta opp ved busstoppet midt i sentrum. Frå våren av, vil det farga sentrum med roser, rododendroar, og mykje fint av vårbloomar og vintergrønt.

I motsetning til blomabedda i Rosendal og Husnes, er dette endå eit dugnadsbasert prosjekt i bygda vår.

Då vi var nede for å sjå på framgangen torsdag føremiddag, var det fleire eldsjeler som stod på; Marit Røsland, Gunn Mari Moberg, Birger Myklebust, Leon Gundersen og Henrik Lyse. Dei har fått god hjelp av Jørgen Hass som kjører på mold og kom med roser, Edvin Kjærland som har holdt ugraset vekke og Marit Langballe som kom med ein heil pose med løkar. Meist sannsynleg er det krokusar, noko som vil gje oss ein tidleg vårfornemmelse.



Marit Røssland og Birger Myklebust jobba godt saman for å pynta bygda.